

## **Status i arbeidet for Stiftinga Ormelid gard**

Stiftinga Ormelid gard vart skipa i 2013 med bakgrunn i gåvebrev og testament etter Kjellaug og Erling Ormelid, og fekk heimel til eigedomen i mai 2016.

Eitt familiemedlem stevna i 2013 stiftinga og hevda at det ikkje var gjennomført skifte etter mora som døydde i 1968. Stiftinga fekk fullt medhald av Gulatings lagmannsrett i oktober 2015 om at det var gjennomført skifte. Same familiemedlem reiste så odelssak. Saka skulle handsamast i Sogn Tingrett i juni 2017, men vart trekt like før då vart inngått forlik mellom partane.

Stiftinga har no eit styre som består av 2 medlemer oppnemnd av Luster kommune, 2 av Luster sogelag og 1 av Ormelid sitt vennelag.

Styret har prioritert arbeidet med å finansiera både restaurering og å trekkja opp langsiktige mål. Stiftinga fekk våren 2016 tilskot frå Luster kommune til utarbeiding av eit strategidokument. Dokumentet er ferdig og gjev retninga for stiftinga sitt arbeid framovermed vekt på å sikra faste driftsinntekter.

I strategien vert det fokusert på Ormelid sin lange tradisjon som overnatningsstad i tilknyting til *Dølavegen* – ein ferdselsveg frå mellomalderen som gjekk mellom Fortun og Høydalen i Lom. Øvstestova i Ormelid også vert kalla Herberget, var overnatningsstad for dei farande. Loftet i steinstova viser at det også var soveplassar på golvet. Stiftinga sitt mål er å byggja oppatt eit overnattingstilbod som også omfattar delar av driftsbygningen. Dette inneber omdisponering av løa til utstilling og overnatting / servering. Det skal m.a. etablerast ein utstilling som skal handla om høgdegardane og livet i Ormelid. På sikt reknar stiftinga med at dette skal vera ein ny attraksjon i Luster. Det skal leggjast til rette for parkering nede ved Grandfasta slik at besökjande skal gå opp.

Rammene for slikt arbeid er drøfta med fylkeskommunen som har gjeve sine føringar jfr fredinga. Stiftinga ser dette som uproblematisk i høve sine planar.

I september vert det søkt private midlar til å planlegga ombygginga. Målet er at byggeteikningar og kostnadsoverslag skal vera klart i 2018 og gje grunnlag for søknader til sjølvé byggearbeidet.

Restaurering av stabbur og øvstestova startar tidleg i mai 2018 og både bygningane skal vera ferdige innan vinteren kjem.

I 2020 reknar stiftinga med at ein skal vera kome i gang med å ta i mot besökjande anten som dags- eller overnattingsbesökjande

## **Tilskot og dugnad**

Samla tilskot / tilsegn for 2016 og 2017 kr 3 113 000,-. Dette er midlar til:

- Restaurering av stabburet og Øvstestova. Stabburet er fullfinansiert og det skal søkjast ny restløyving hjå Riksantikvaren for 2018.
- Strategidokument – Luster kommune. Avslutta
- Forvaltningsplan for eigedomen. Fullfinansiert. Arbeidet startar haust/vinter 2017/18
- Kulturlandskap: for 2016 og 2017 har stiftinga fått midlar til skjøtsel av slåttemarka gjennom ordninga «Utvald naturtype

Tilskot 2016; kr 650 000,-

Frå; Riksantikvaren, Luster kommune, Miljødirektoratet og private stiftingar

Tilskot 2017: 2 463 000,-

Frå; Riksantikvaren, Landbruksdirektoratet, Luster kommune, Luster Sparebank, Stiftinga UNI, Vestenfjeldske bykreditt, Miljødirektoratet.

Registrert dugnadstimar pr d.d. er

Dugnad 2016                  470 timer

Dugnad hittil 2017          450 timer

Sum                  920 timer                  (tilsvarar ca ½ årsverk)

Mykje av dugnadsarbeidet er slått, rydding m.m. Det er etablert samarbeid med DNT-Oslo som leiger selet i Stølsdalen. Dei har i sumar starta rydding og merking av turvegen mot Stølsdalen

Kulturlandskapet

Fredinga omfattar også innmark og utmarka mot stølane totalt 850 daa.

Garden er rik på biologiske og kulturhistoriske verdiar. Slåtteengene i Ormelid har vore, og er truleg framleis, blant dei mest artsrike i Sogn og Fjordane. Steingardarar, bakkemurar m.m. og gammal kulturmark med lang kontinuitet og stor artsrikdom er framleis framtredande i landskapet. At det er gjort lite endringar i dette landskapet er medverkande til at Ormelid kom med i den nasjonale støtteordninga «Utvalde kulturlandskap i jordbruket» i år. Det er sett av midlar m.a. til revidering av skjøtselsplan og oppgradering av vegen. Gjennom ordninga «Utvalde naturtypar – slåttemark» vert det gjeve midlar til utstyr og arbeid med slått og stell av kulturlandskapet.